



BERGEN KOMMUNE  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

Dato: 25.01.2017  
Vår ref.: 2014/24011-19  
Saksbehandlar: oysskar  
Dykkar ref.:201423440/235TAGR

## Innspel automatisk freda kulturminne id. 224929 - Bergenhus, Årstad og Fyllingsdalen bydel - Bybane, Nonneseter - Fyllingsdalen Delstrekning 1, Nonneseter Kronstad, områdereguleringsplan Plan - ID 64040000

Vi viser til reguleringsplan for Bybanen Nonneseter – Fyllingsdalen, Delstrekning 1, Plan ID 64040000, som er på offentleg ettersyn. I det følgande vert berre det automatisk freda kulturminnet i Fløen parsellhage, Askeladden id. 224929, omtala. Andre kulturminnefrågar vil verte omtala i Hordaland fylkeskommune sitt høringsfråsegn.

Reguleringsplanen er i konflikt med det automatisk freda kulturminne Askeladden id. 224929 på gnr. 163, bnr. 66 og 70 i Fløen parsellhage. I sin innstilling til fylkesrådmannen har Fylkeskonservatoren varslet at vi vil sende søknad til Riksantikvaren der vi rår til at direktoratet fattar vedtak om løye til inngrep i det automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 8, fjerde ledd, med vilkår om ei arkeologisk utgraving. Før Riksantikvaren kan handsame saka må plankart og føresegner vere i tråd med våre krav.

Det automatisk freda kulturminnet, Askeladden id. 224929, inkludert fem meter automatisk freda sikringssone, må merkast på plankartet som bestemmelsesområde. I føresegna må følgende tekst innarbeidast:

*«Før iverksetting av tiltak i mehald av planen skal det føretakast ei arkeologisk utgraving av det råka automatisk freda kulturminnet id. 224929, markert som bestemmelsesområde# xx i plankartet.*

*Det skal takast kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskninga kan fastsetjast».*

Geometrien på kulturminnet kan lastast ned direkte frå Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden. Vi ber Bergen kommune gjer dei nødvendige endringane og sender over kart og føresegner slik at søknad om dispensasjon kan oversendast Riksantikvaren for handsaming. For at Riksantikvaren skal få tilstrekkeleg med tid til handsaming av saka, varslet Fylkeskonservatoren at vi vil nytte vår lovheimla frist for fråsegn jf. kulturminnelova § 9. Kulturminneforvaltninga si fråsegnsfrist vert då 7. april 2017. Fristen føreset at retta plankart og føresegner er oss snarleg i hende.

For at planen skal kunne eigengodkjennast må endelege fråsegn i frå Riksantikvaren ligge føre og deira vilkår takast inn i endelege planforslag.

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*